

Institutt for fruktdyrking
og fruktkonservering

Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 4 (3. rev. utg.)

KIRSEBÆRKULTIVARAR.

Ved

Bjarne Ljones

Institutt for fruktdyrking
og fruktkonservering

Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 4 (3. rev. utg.)

KIRSEBÆRKULTIVARAR.

Ved

Bjarne Ljones

I. S Ø T K I R S E B Æ R

Abesse de M^cauland

Gammal kultivar, truleg framkomen i Mouland nær Liege i Belgia. Middelsstore tre med rund krone, friske og bra herdige. Bæra mørkraude, nesten svarte, modnar i 6. veka like før Hedelfingen. Früheste der Mark og Annonay er bra pollenkultivarar. Abesse de Mouland har små bær og er ikkje aktuell i dyrkinga nå.

Alfa

Framkomen ved Wädenswil i Sveits og introdusert 1968. Avkom av Basler Adler x Erstfrühe. Mørke bær i 2. veka. Sterilitetsgruppe XII, S-gener ikkje klarlagde.

Allers Späte

Framkomen i Tyskland, små, mørke bær i 6. veke.

Alma

Framkomen ved Jork i Tyskland etter kryssing Rube x Allers Späte. Rund krone, middelsstor. Mørke bær, temmeleg små, modnar i 5.-6. veka.

Amfurter Knorpelkirsche

Tysk kultivar under prøving i nordiske land. Store tre, store, mørke bær som modnar i 5. veka.

(Andersens Svarte)

Det er eit mørkt bær som ikkje er nærare identifisert. Kultivaren var spreidd kring 1910, frå ein av planteskolane på Østlandet, og det er framleis somme planteskolar som lagar tre av denne kultivaren.

Angela

Framkomen i Utah, USA etter frø av Napa Long Stem. Bing, fritt pollinert, introdusert 1974.

Annabella

Framkomen ved forsøksstasjonen Jork i Tyskland etter kryssing Rube x Allers Spaë, introdusert 1970. Riktberande tre, mørke, store bær som er modne i 4. veka.

Annonay

Kultivaren er framkomen frå Frankrike og kjend frå før 1880. Namnet Pijlen er brukt i Belgia. Middelsstore tre med nokså høg krone. Blomstrar tidleg. Bæra er mørke, små, modnar i 1. veka, stor stein. Sterilitetsgruppe XI, S-gener ikkje klarlagde.

Bada

Framkomen i California etter kryssing mellom ukjend frøplante og Ord. Bada vart introdusert i 1964 og er under prøving i dei nordiske landa. Gulraudt bær, faste, modnar i 4. veka, sprekk lite.

Badacsoner

Kultivaren er tiltrekt av W. Kastens i Badacsony i Ungarn og kjend før 1870. Liknar Schneider.

Balsgård_20406

Erienne x Allmän Gulröd. Mørke bær, 4. veka. God kvalitet, produktiv, herdig, relativt sterk mot sprekkning. Den beste av Balsgårdkultivarane som har vore prøvde ved NLH.

Balsgård_20414

Annonay x Early Rivers. Mørke bær, 1-2. veka.

Balsgård_20555

Napoleon x Erienne. Mørke bær, 3.-4. veka.

Balsgård_21441

Napoleon x Erienne. Raude bær, 5.-6. veke. Faste bær med sær fin kvalitet, men ber truleg for lite.

Barbara

Framkomen ved Jork etter Rube x Schubachs dvs. same opphav som Rebekka. Store, høgvaksne tre, store, mørke bær som modnar i 4. veka.

Basler Adler

Sveitsisk kultivar, store tre, mørke bær som modnar i 4. veka. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Baumann's May

Namnet er brukt slik i England der kultivaren er planta litt. Men det er nok ein tysk sort, Frühe Mai Herzkirsche. Små, mørke bær, modnar i 2. veka. Har lita interesse i Norge.

Berny

Det er ein fransk kultivar som oftast er kalla Hative de Berny. Mørke bær som modnar i 1.-2. veka, litt etter Früheste der Mark. Avdi bæra er så tidleg modne, har Berny ei viss interesse.

Berryessa

Framkomen i California etter kryssing mellom ukjend frøplante x Bush Tartarian. Introdusert 1964, under prøving i dei nordiske landa. Gulraude bær.

Beta

Framkomen ved Wädenswil etter kryssing Zweitfrühe x Basler Adler, introdusert 1968. Mørke, middelsstore bær i 2.-3. veka. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Bing

Framkomen i Oregon ca. 1875 etter frø av Republican. Her i landet er kultivaren spreidd frå Hjeltnes. Store, mørkraude bær, modnar i 4.-5. veka, sprekk mykje, men med bra kvalitet. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Black Republican

Framkomen i Oregon, USA (Seth Levelling) kring 1850. Trea middelsstore, kjem tidleg i bering og er riktberande. Bæra små, mørke, sprekk mykje, modne i 5. veka. Sterilitetsgruppe VII, S4S5.

Büttners Rote

Framkomen i Halle i Tyskland først på 1800-talet og var i kultivarsamlinga ved NLH i 1870-åra. I Danmark gjekk den under namnet Fredensborgkirsebær. Det mest vanlege namnet i Norge etter ca. 1930 har vore Emperor Francis, som var spreidd frå kultivarsamlinga på Hjeltnes. Også Heinrichs Riesen i Sverige er truleg identisk med Büttners Rote. I eldre pomologiske skildringar er nemnet skreve Büttners späte rote Knorpelkirsche. Store, riktberande tre. Store, gulraude bær, modnar i 6. veka. God handelsvare, viktig sort i Norge. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Chinook

Framkomen i Washington etter kryssing Bing x Gil Peck. Introdusert 1960, under prøving i dei nordiske landa. Mørke bær som sprekk mykje. Sterilitetsgruppe IX, S1S4.

Coe's Transparent

Hedrick, som har full skildring med fargebilette, bruker namnet Coe. Elles har ikkje kultivaren andre synonym, bortsett frå at namnet Cox's Transparent var brukt her i Norge. Coe's Transparent var spreidd frå Hjeltnes, og i 1946 var det like mange tre i dyrking som av Büttners Rote (Emperor). Nå er Coe's Transparent gått ut av dyrking. Gulraudt bær, mjuke, får lett flekker, men sprekk lite. Ufarga saft, modnar i 3. veke. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Corum

Tilfeldig frøplante funnen 1950 i Oregon og introdusert 1961. Gulraudt, stort bær, modnar i 3. veka. Faste frukter, god kvalitet. Tilrådd i Danmark.

Delta

Framkomen ved Wädenwil etter kryssing Basler Adler x Zweitfrühe, introdusert 1975. Mørke, små bær. Sterilitetsgruppe XIII, S-gener ikkje klarlagde.

Dönissen

Framkomen i Tyskland, kom til NLH frå Alnarp i 1884. Frodige, store tre, middelsstore bær, heilt gulkvite utan raudt fargestoff. Modnar i 5. veka, sprekk lite og er i sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Early Rivers

Planteskolefirmaet Rivers i England fekk fram denne kultivaren etter frø av Early Purple og introduserte den 1872. Opphavs- materialet var teke frå 3 av frøplantene, dette er grunnen til at det er tale om ulike typar av Early Rivers. Frå Nederland er spreidd ein "typ Alfheim". - Early Rivers kom til NLH 1884 frå Alnarp, til Hjeltnes 1900. I førstninga var Early Rivers rekna for lite riktberande, og eigentleg er det ikkje før i 1930-åra at kultivaren vart mykje planta, og at den kom i staden for Werder. Mørke bær, modne i 2. veka, ikkje utsett for sprekking. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Ebony

Framkomen i Idaho (Leif Verner) etter kryssing av Lambert x Republican (?), introdusert i 1946. Bra store, nesten svarte. Modnar i 3.-4. veka. Sprekk svært mykje, har lite interesse.

Elton

Thomas Andrew Knight i England fekk fram kultivaren kring 1806, og namnet er etter ein stad i Herefordshire der Knight planta ein kirsebærhage i 1808, der denne nye kultivaren var med. Til NLH kom Elton i 1884 frå Alnarp, men fotograf Knutsen på Tokheim i Odda hadde fått den alt i 1855 frå Booth & Söhne i Hamburg. Store tre, lite riktberande. Gulraude bær som modnar i 4. veka. Bra kvalitet, og Elton er mykje brukt som foreldresort i foredlingsarbeid. Sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Emperor Francis

Sjå Büttners Rote.

Eriane

Kultivaren er framkomen 1897 hos handelsgartnar C. A. Johanson i Gränna i Sverige. Til NLH kom Eriane i 1949 og har seinare vore med i forsøk her. Trea er middelsstore, med moderate eller små avlingar. Bæra er små, mørkraude, kvaliteten under middels, modningstid 2. veka saman med mange av dei nyare kultivarane. Sterilitetsgruppe VII, S4S5.

Erika

Frankomen ved Jork, Tyskland etter kryssing Rube x Stechmanns Bunte, introdusert 1976. Mørke bær i 3.-4. veka.

Franz Meyling

Frankomen i Nederland. Mørke bær som modnar i 4. veka. Bæra er små og kvaliteten under middels.

Frogmore

Frankomen i England kring 1864, kom til NLH 1884 frå Alnarp. Store tre, blomstrar seint, ikkje riktberande. Bæra er gulraude, modnar i 3. veka, dei er mjuke og får lett flekker under sending. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Früheste der Mark

Kultivaren er framkomen i Frankrike, men namnet refererer til distriktet Mark Brandenburg og dit kom den med soldatar frå den tysk-franske krigen 1871-1872. Til NLH kom kultivaren i 1886 frå Späth. Frå hundreårskiftet vart kultivaren mykje planta, og i 1946 var den mellom dei 10 viktigaste søtkirsebæra med 4,1 prosent av samla tal. - Trea blir store og er bra riktberande. Bæra er små, mørkraude med stor stein og heller ring kvalitet. Men dei er tidleg modne, i 1. veka, og blir ofte gode betalt.

Frühe Meckenheimer

Tysk sort, mørke bær i 2. veka.

Frühe von Dobitschen

Gammal tysk kultivar, mørke, middelsstore bær som liknar Early Rivers og modnar samstundes, dvs. i 2. veka.

Gamma

Framkomen ved Wädenswil etter kryssing Mischler x Zweitfrühe, introdusert 1975. Mørke bær i 3.-4. veke.

Gaucher

Truleg ein tysk sort, omtala av GRUBB som Bigarreau Gaucher. Gaucher har ei viss interesse som pollensort fordi det er ein såkalla "general donor". Store, mørkraude bær som modnar i 3. veka.

Gil Peck

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Napoleon x Giant, kryssa 1911, spreidd frå 1936. Store tre, stor avling, store, mørke bær med bra kvalitet og modningstid i 5. veka. Bæra sprekk mykje i regn. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Governor Wood

Framkomen i Ohio, USA, 1842, professor Kirtland. Kom til NLH 1884 frå Alnarp. Treet middelsstort, blomstrar seint og ber bra. Bæra er små til middels store, gulraude og modnar i 3.-4. veke. Sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Grosse Germersdorfer

Gammal tysk sort med store, mørke bær som modnar i 6. veka.

Gubener Schwarze

Gammal tysk sort som har vore tilrådd i England, ofte under namnet Noir de Guben. Middelsstore, friske, riktberande tre, og Guben er aktuell som pollenkultivar (general donor sterilitetsgruppe 0). Mørke bær med modningstid 4. veke.

Haumüller

Tysk sort, mykje brukt i kirsebærdistrikta der, under prøving i dei nordiske landa. Middelsstore tre, riktberande. Mørke bær, heller små, modnar i 4. veka.

Hedelfingen

Hedelfingen i

Kultivaren har namn etter distriktet Württemberg i Tyskland, der den og var kalla Wahlerkirsche. Vanleg tysk skrivemåte er Hedelfinger Riesenkirsche. I 1860-1870-åra var Hedelfingen med i kultivarsamlinga til Knutsen på Tokheim i Odda, og ved NLH kom den med i samlingane føre 1975. I 1881/82 var Hedelfingen med i planteskolekatalogen her. Kultivaren har vore vide spreidd og mykje prøvd, men sprekinga er ein avgjerande feil. Store tre, kjem seint i bering, blomstrar seint, moderat avling, mørke, svært store bær som modnar i 6. veka. God kvalitet, men sprekk mykje. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Heidegger

Framkomen ved Wädenswil i Sveits etter frø av usikkert opphav, kanskje Muskateller. Til NLH 1975. Det er eit stort, mørkt bær med modningstid i 4. veka, førebils lite prøvd og granska. Omtale i Schw.Zeitschr.Obst- und Weinbau, hefte 17, 1977. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Heinrichs Riesen

Sjå Büttners Rote.

Holmabær

Det er truleg ein u-identifisert kultivar som har vore spreidd i Tyskland, og derfra kom det tre til Hardanger i 1913, og namnet skriv seg frå garden Holmen på Utne. Det har vore gjort mange freistnader på identifisering, men utan sikre resultat. Trea er store, blomstrar tidleg, svært riktberande. Bæra er små, gulraude og dei fleste vil karakterisera kvaliteten som mindre god. Holmabær går etter kvart ut av dyrking.

Hoskins

Framkomen i Oregon ca. 1880 etter frø av Napoleon. Namn etter tiltrekkjaren C. E. Hoskins. Store tre, store, mørke bær i 5. veka.

Hudson

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Oswego x Giant, introdusert 1964. Store tre, middels riktberande. Store, mørke bær som modnar i 6. veka. Kvaliteten god og sprekinga mindre enn hos dei fleste. Sterilitetsgruppe IX, S1S4.

Intekær

Det er ein kultivar som har vore dyrka på Fyn, og under dette namnet kom den til NLH i 1953 frå Frost's planteskole. Truleg er den identisk med ein annan sort. I Farsted ved Morud på Fyn hadde ein fruktdyrkar med namn J. Intekær ein søtkirsebærplantning med bl.a. denne kultivaren. Det var sagt at den var identisk med ein annan med namn "Bruskkirsebær". Mørke bær med modningstid i 4. veka.

Ironsides

Truleg framkomen i England, GRUBB fører denne som ein lokal kultivar frå West-Midlands. Gulraudt bær som er seint modent, 7. veke.

Jabolay

Framkomen i Frankrike kring 1820 og har namn etter tiltrekkjaren. Lyon er til dels brukt som synonym. Store tre, mørke bær som modnar i 2. veke, så vidt føre Werder. Sterilitetsgruppe X (S-gener ikkje klarlagde).

Jubilee

Framkomen i California etter kryssing av Lambert x Bing (Napa Long Stem Bing). Introdusert 1964, under prøving i dei nordiske landa. Raudfarga bær som modnar i 3. veke, sprekk mykje. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Kassin

Frankomen i Werder ved Potsdam i Tyskland kring 1860 og har namn etter Ludwig Kassin som fann mortreet. Kom ikkje til Norge før etter 1900, men frå 1950 har det vore ein viktig kultivar. Middelsstore tre, stor til moderat avling. Mørke bær som modnar i 2. veka, nær Early Rivers og Werder. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Knauff

Frankomen i Tyskland, spreidd frå Späth's planteskole og mykje planta i Tyskland. Kom til NLH frå Asger M. Jensens planteskole. Trea er store, riktberande. Bæra er mørke og modnar i 3. veka, litt etter Werder. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Knight's Early Black

Gammal engelsk kuttivar, oppalen av Thomas Andrew Knight kring 1810. Middelsstore tre, ikkje særleg riktberande. Mørke bær som modnar i 3. veka. Det er mogeleg at Gunnarsbær i Hardanger er identisk med Knight's Early Black.

Knuthenborg

Sjå Schwarze Holsteiner.

Kronberg

Spreidd før 1800 og har namn etter slottet Kronberg nær Frankfurt a.M. Var i samlingane ved NLH i 1880-åra. Stundom vurdert som identisk med Früheste der Mark.

Kunze

Spreidd frå Tyskland og namnet er etter ein fruktdyrkar i Wallhausen. Midelsstore tre, bra avling. Gulraude bær, modne i 3. veka. Kunze er meir raudfarga enn Holmabær og modnar litt seinare. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Kvit Spansk

Den eldre historia til denne kultivaren er lite klarlagd. I Norge er Kvit Spansk ein kultivar med store tre som ikkje er

særleg riktberande. Bæra er gulraude, små, runde, faste og med bra kvalitet. Dei får lett flekker under sending. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Königskirsche

Ein kultivar som er med i fleire av sortssamlingane i dei nordiske landa under dette namnet, er mykje lik Büttners Rote.

Lambert

Frankomen i Oregon før 1880, truleg frøplante av Napoleon, er framleis ein viktig kultivar i USA. Store tre, mørke bær som modnar i 5.-6. veka. Det finst fleire mutantar som er spreidd, f.eks. Stark Lambert, Late Lambert, Compact Lambert og Rainbow Stripe. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Lamida

Frankomen i Idaho (Leif Verner) etter frø av Lambert, fritt pollinert. Introdusert i 1946. Mørkraude bær, modnar 4.-5. veke. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Larian

Frankomen i California etter kryssing Lambert x UCD 50 (som er Bing x Bush Tartarian). Introdusert 1964 og under prøving i dei nordiske landa. Mørkraude bær. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Macmar

Tilfeldig frøplante funnen i Oregon 1950, introdusert 1961, under prøving i dei nordiske landa. Gulraude bær.

Magda

Frankomen i Sveits, introdusert 1970, truleg etter frø av Basler Adler. Mørke bær som modnar i 2. veka, sterk mot spreking.

Merton_Bigarreau

Frankomen ved John Innes, introdusert 1947. Avkom etter Knight's Early Black x Napoleon. Store tre. Store, faste bær,

mørkraude som modnar i 5. veka. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Merton Bounty

Elton x Schrecken, introdusert 1947. Store tre, middelsstore bær, mørkraude, modnar i 4. veke. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Merton Crane

Napoleon x Schrecken, introdusert i 1947. Store tre, store, mørke bær, modningstid 3. veke. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Merton Favourite

Knight's Early Black x Schrecken, introdusert 1947. Middelsstore tre, middelsstore, mørke bær. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Merton Glory

Ursula Rivers x Noble, introdusert 1947. Store tre, store, gulraude bær, fin kvalitet, men mjuke og lite skikka for transport. Sterilitetsgruppe 0, "general donor", og derfor mykje planta.

Merton Heart

Schrecken x Elton, introdusert 1947. Store, svært opprette tre. Mørke bær, modne i 2. veka, den tidlegaste av Mertonkultivarane. Sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Merton Late

Belle Agathe x Napoleon, introdusert 1961. Store tre, gulraude bær, modnar ikkje før sist i august og er truleg den seinaste av søtkirsebæra. Sterilitetsgruppe IX, S1S4.

Merton Marvel

Noble x White Bigarreau, introdusert 1961. Middelsstore tre, mørke bær, modnar i 5.-6. veka. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Merton Premier

Büttners Rote (som Emperor Francis) x Bedford Prolific, introdusert 1947.

Middelsstore tre, riktberande. Mørkraude bær, modningstid 3. veke. Truleg den mest verdfulle av Merton-kultivarane for kirsebær dyrkinga i Norge, kan erstatte fleire av dei eldre, mørke, halvtidlege. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Merton Reward

Büttners Rote (som Emperor Francis) x Bedford Prolific, introdusert 1958. Store, opprette tre. Mørke, store bær, modningstid 5.-6. veke. Sterilitetsgruppe IX, S1S4.

Andre Merton-kultivarar sjå Merit, Merlin og Meermaid

Merit

Ny kultivar frå John Innes. Framkomen etter frø av fritt pollinert Merton Late.

Merlin

Framkomen ved John Innes etter frø av fritt pollinert Merton Glory.

Meermaid

Framkomen ved John Innes etter frø av fritt pollinert Merton Glory.

Mona

Framkomen i California etter kryssing La Cima x Chapman. Introdusert 1964, under prøving i dei nordiske landa. Raude - mørkraude og store bær, i 4. veka, bra kvalitet.

Napoleon

Svært gammal kultivar som hadde vore i dyrking i 150 år da den fekk namnet Napoleon. Andre namn gjennom tidene, og i dei landa den var spreidd, er Gros Bigarreau Blanc, Wellington, Lauer- mann, Grosse Prinzessin og Royal Ann. Dette er namn som er brukt om den gulraude Napoleon, men det finst og ein mørk kultivar som går under dette namnet. I Hardanger var Napoleon

kjend frå 1852 da den kom til samlingane på Tokheim, men nokon viktig kultivar har det ikkje vore. Trea er middels store, mykje utsett for sjukdomar, ikkje særleg riktberande. Bæra er store, gulraude, stor stein og utsett for sprekking. Modnar i 5.-6. veka. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Ochsenherz

Gammal tysk sort, kjend frå først på 1800-talet. Store, mørke bær som modnar i 4.-5. veka.

Ohio_Beauty

Framkomen i Ohio, laga av Kirtland og kjend frå 1847. Kom til NLH i 1886 frå Späth, men alt i 1870-åra var den med i kultivarsamlingane på Tokheim som Schöne^{von} Ohio. I 1930-40-åra var Ohio Beauty ein viktig kultivar i Hardanger og kom mellom dei 10 som var mest planta. Treet er lågt og breivakse, bra riktberande. Bæra er middels store, gulraude, lite raudlege og med mild smak. Modningstid 3. veka. Sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Pater_van_Mansfeld

Framkomen i Nederland og er framleis dyrka. Små, mørke bær, modne i 4. veke.

Primavera

Framkomen ved Institut für Züchtungsforschung i Muncheberg, Tyskland etter kryssing Flamentiner x Früheste der Mark, introdusert 1952. Middelsstore tre, kjem tidleg i bering, men er ikke særleg riktberande. Bæra er middelsstore, mørke, modnar i 1. veka, sprekk svært.

Rainier

Framkomen i Washington etter kryssing Bing x Van, introdusert 1960. Under prøving i dei nordiske landa. Store, gulraude bær med kort stilk, modne i 5.-6. veka. Sterilitetsgruppe IX, S1S4.

Rebekka

Framkomen i Jork, Tyskland etter kryssing Rube x Schubachs

Schwarze, introdusert 1966. Store tre, store, mørke bær som modnar i 3. veka.

Roundel

Har vore mykje dyrka i England. Opphavet er uvisst. Middelsstore tre, store, mørke bær som modnar i 4. veka.

Sam

Framkomen ved Summerland etter frø av V-160140 som igjen var frø av fripollinert Windsor. Introdusert 1953. Store tre, mørke, faste bær som modnar i 5.-6. veka. Sprekk ikkje mykje.

Schmidt

Framkomen i Tyskland etter frø av Grosse schwarze Knorpelkirsche og har namn etter ein forstmann Schmidt. Kultivaren er kjend frå ca. 1840, kom til NLH 1884 frå Alnarp. Trea er middelsstore, bæra store, mørke med eit vedhengjande biblad på fruktstilken (som Maibær). Bra riktberande, bra kvalitet, fin handelsvare, sprekk lite og modnar i 5. veka. Biblada på stilken er ei ulempe. Sterilitetsgruppe VIII, S2S5.

Schneider

Framkomen i Guben i Tyskland og kjend frå 1860-åra. Kom til NLH 1886 frå Späth. Store tre, store, mørke bær, modne i 5.-6. veka. Viktig sort i Tyskland.

Schrecken

Tysk sort kjend frå 1868. Store tre, store, mørke bær som modnar i 3. veka. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Schwarze_Holsteiner

Tysk sort, spreidd i Danmark under namnet Knuthenborg. Mørke bær som sprekk lite og modnar i 5. veka.

Seneca

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing 1911 Early Purple x

ukjend pollensort. Spreidd frå 1924. Det er eit tidleg, mørkt bær av same type som Früheste der Mark, men trea er lite herdige og går ut om vintrane.

Sigrid

Truleg framkomen i Danmark, kjend under dette namnet frå ca. 1914 og prøvd i Norge like lenge. Store tre med tronge greinvinklar og store blad. Gulraude bær, store, bra kvalitet, men lauskjøta, får lett flekker, modnar i 3.-4. veka.

"Små Elton"

Blir nemnd her sidan det var ein nokså viktig kultivar i Hardanger fram til 1950-åra. Andre namn var Nåbær, Jørundsbær og Lauermann. I Grubb's bok Cherries er namnet Norwegian. Høge tre med hengande greiner, gulraude bær, i 3.-4. veka.

Sodus

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Napoleon x Giant, introdusert i 1925. Store tre, gulraude, faste bær som modnar i 5. veke. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Somfleths

Namnet blir ofte skreve Somfleths Frühe Bunte. Framkomen i Tyskland, mykje dyrka i Altes Land. Store tre, middels avlingsstorleik. Store, gulraude bær som modnar i 2.-3. veka, har bra kvalitet og sprekk lite.

Spalding

Framkomen i Idaho (Leif Verner) etter kryssing Bing x Deacon(?), Store, bladrike tre, bæra store, mørke, modnar 4.-5. veka.

Sparkle

Framkomen ved Summerland, British Columbia, Canada etter frø av fritt pollinert Empress Eugenie. Introdusert 1944. Store tre, store avlingar, bæra heller små, gulraude, faste, velsmakande, modningstid 3.-4. veka. Bæra er for små til at Sparkle kan bli nokon handelskultivar, men avlinga er stor. Sterilitetsgruppe I, S1S2.

Spitze Braune

Gammal tysk kultivar med mange lokale synonym. Det er eit heller lite, mørkt bær med modningstid i 2. veke like før Kassin.

Star

Framkomen ved Summerland etter frø av fritt pollinert Deacon, introdusert 1949. Mange felles trekk med Sam, men sprekk meir. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Starking Hardy Giant

Går ofte under namnet Meyer fordi det var namn på tiltrekkjaren som var frå Wisconsin i USA. Namneskifte i 1949 da Stark Bros overtok retten til kultivaren. Store tre, stor avling, store, mørke, faste bær, bra kvalitet, sprekk lite.

Stark Royal Purple

Framkomen i Michigan, USA og utsend 1944 under namnet Late Lambert, nytt namn i 1948 da Stark overtok retten til kultivaren. Det er sannsynlegvis ein mutant av Lambert, oppdaga så tidleg som 1933. Modnar 10-12 dagar etter Lambert, elles lik.

Stechmanns Bunte

Framkomen i Tyskland etter Sveits, men historikk og synonym er lite kjent. I dei nordiske landa er kultivaren spreidd frå Rånna i Sverige der den var med i forsøk frå 1937. Store, riktberande tre. Bæra små, gulraude, mjuke, ofte med ring kvalitet.

Stella

Framkomen ved Summerland etter kryssing Lambert x frøplante frå John Innes, introdusert 1968. Store tre, store, mørke bær, modnar i 4.-5. veka og sprekk mykje. Stella er den første sjølvfertile søtkirsebærkultivar som er spreidd. Compact Stella er ein mutant, framkalla ved radioaktiv stråling av Stella-kvister, introdusert 1973.

Sue

Frankomen ved Summerland etter kryssing Bing x Schmidt, introdusert 1954. Store, opprette tre, stor avling. Middelsstore bær, gulraude med mykje raudt, men ufarga saft, sprekk lite. Modnar i 3. veka. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Summit

Frankomen ved Summerland etter kryssing Van x Sam, introdusert 1973. Svært store, mørke bær, modne i 7. veka og sprekk mykje.

Svart Spansk

Namnet er brukt i Danmark og Norge om ein gammal kultivar som framleis er dyrka. Store tre med rund krone, riktberande. Bæra mørke, middelsstore, modnar i 5. veka, men dei blir ujamnt modne.

Sysebær

Også kalla Bigarreau Syse, og namnet er frå garden Syse i Ulvik ("Grøtebruket") der Olav Moen fann mortreet da han var lærar på Hjeltnes 1902-1906. Kultivaren vart spreidd frå plante-skolen på Hjeltnes. Truleg er det ein innført, uidentifisert kultivar, kanskje frå samlingane på Tokheim. Store tre, store, gulraude bær som ikkje toler sending.

Teickner

Gammal tysk sort som også har vore planta i Norge. Store tre, mørke, middelsstore bær som modnar i 2. veka.

Tolleiv

Frankomen hos Tolleiv Opedal, Ullensvang kring 1875. Trea er små til middelsstore, rundbygde, dei er herdige og riktberande. Bæra er gulraude med mykje raudt, heller små, og dei sprekk relativt lite. Modningstida er i 6. veka, og kvaliteten er ikkje førsteklasses, smaken er litt skarp (bitter).

Türkine

Gammal tysk kultivar, ofte spreidd under andre namn. Gulraudt

bær med mykje raudt, modnar i 4. veka.

Ulrichs Braune

Gammal tysk kultivar. Mørke, middelsstore bær, i 2.-3. veka. Sprekk mykje.

Ulster

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Schmidt x Lambert, introdusert 1964. Middelsstore tre, meir riktberande enn Schmidt som den liknar. Store, mørke bær, modne i 5. veka. Sterilitetsgruppe XIII (S-gener ikkje klarlagde).

Valera

Framkomen ved Vineland, introdusert 1968. Avkom av Hedelfingen x Windsor. Store, mørke bær, sprekk mykje. Sterilitetsgruppe XIV, S1S5.

Valeska

Framkomen ved Jork etter kryssing Rube x Stechmanns Bunte. Store tre, store, mørke bær som modnar i 4. veka.

Van

Framkomen ved Summerland, Canada etter fri pollinering av Imperatrice Eugenie, introdusert 1944. Kom til NLH frå Geneva 1956. Trea er middelsstore, svært riktberande, men ikkje herdige og ofte utsette for sjukdomar. Bæra er store, mørke, faste, med kort stilk, bra kvalitet, men sprekk mykje. Modningstid 5. veka. Sterilitetsgruppe II, S1S3. - Namnet gitt til æra for van Harlem som sto for foredlinga av kirsebær på Vineland.

Vega

Framkomen ved Vineland i Ontario, Canada etter kryssing Bing x Victor, introdusert 1967. Store, opprette tre, store, gulraude bær som modnar i 4. veka, om lag samtidig med Merton Glory. Vega har fastare bær, og er kanskje meir riktberande, men bæra sprekk mykje.

Velvet

Framkømen ved Vineland etter frø av fritt pollinert Windsor, introdusert 1937 samtidig med Vernon som har same opphav. Trea store, ikkje særleg riktberande. Bæra store, mørke, modnar i 4. veka og vil truleg tape i jamføring med andre mørke bær med same modningstid. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Venus

Framkømen ved Vineland etter kryssing Hedelfingen x Windsor, introdusert 1959. Treet riktberande, stundom med så rik fruktsetnad at bæra får dårleg kvalitet. Bæra er store, mørke, ikkje mykje faste, modnar i 5. veka. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Vernon

Framkømen ved Vineland etter frø av Windsor fritt pollinert. Introdusert 1937, kom til Njøs same år og til NLH 1947, det var da ein lovande kultivar. Store, mørke bær med bra kvalitet, men dei sprekk for mykje, og det blir ingen handelskultivar. Sterilitetsgruppe III, S3S4.

Vic

Framkømen ved Vineland etter kryssing Bing x Schmidt, introdusert i 1959. Store, riktberande tre. Bæra er store, mørke, faste med bra kvalitet og ikkje mykje utsett for sprekking. Modningstida er 7. veka. Sterilitetsgruppe XIII (S-gener ikkje klarlagde). Etter kryssingsforsøk er det seinare trekt i tvil at opphavet er Bing x Schmidt.

Victor

Framkømen ved Vineland etter frø av fritt pollinert Windsor og introdusert i 1925. Store, riktberande tre, lite herdige, gul-raude bær som modnar i 5.-6. veka. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Vista

Framkømen ved Vineland etter kryssing Hedelfingen x Victor, introdusert i 1959. Store, riktberande tre, store, mørke bær

som modnar 3.-4. veka, og er gode, men dei er mykje utsett for sprekking. Sterilitetsgruppe 0 ("General donor").

Viva

Framkomen ved Vineland etter kryssing av ukjend morkultivar, kanskje Hedelfingen x Victor. Introdusert 1972, til NLH 1974. Mørke, ikkje store bær som er svært motstandsdyktige mot sprekking. Sterilitetsgruppe IV, S2S3.

Vogue

Framkomen ved Vineland etter same kryssing som Viva og har mange av dei same eigenskapane. Sterilitetsgruppe IV.

Walpurgis

Framkomen i Tyskland kring 1845 ved Walpurgisburg nær Köln, spreidd i Norge frå ca. 1910. Store, riktberande tre, middelsstore, mørke bær som modnar i 5.-6. veka. Bæra sprekk mykje.

Waterloo

Framkomen i England straks etter 1800, laga av Knight som meinte kryssingen var Yellow Spanish x May Duke. Det er eit mørkt bær med modningstid i 3. veka, lite prøvd i Norge.

Werder

Framkomen i Tyskland, namnet er etter byen Werder nær Potsdam. Kom til Norge i 1860-åra, først i samlingane på Tokheim, seinare vart dette den viktigaste kultivaren i norsk kirsebærdyrking. Til NLH kom Werder i 1886 frå Späth. Ved frukttreteljinga 1946 var det meir enn dobbelt så mange tre av Werder som av nokon annan kultivar. Middelsstore, riktberande tre, nokså frodige, men likevel ofte med sjukdomar og skader. Mørke, middelsstore bær, mjuke, ofte med ring kvalitet, sprekk mykje og råtnar lett. Modningstida er i 2.-3. veka. Sterilitetsgruppe VI, S3S6.

Windsor

Framkomen i Canada i siste halvdel av 1800-talet og spreidd av eit kjent planteskolefirma i Rochester, N.Y. frå 1881 og vart mykje planta i USA. Windsor er brukt som foreldrekultivar. Trea er store, opprette, riktberande. Bæra er og store, mørke med god kvalitet, men mykje utsett for sprekking. Modningstid i 6. veka. Sterilitetsgruppe II, S1S3.

Zuckerbunte

Truleg framkomen i Tyskland, til NLH 1949 frå Rånna i Sverige. Middelsstore tre, ikkje særleg riktberande. Gulraude bær, mjuke, søte, modnar i 4. veka.

Zweitfrühe

Framkomen i Sveits, synonym Frühe Basler. Lite prøvd i Norge, men det er eit mørkt, middelsstort bær som modnar i 2.-3. veka. Sterilitetsgruppe XIII, (S-gener ikkje klarlagde.

Østedgård

I Norge er det spreidd ein kultivar med namnet Svart Spansk Østedgård, og materialet skal ha kome frå Danmark kring 1915. Det er likevel uvisst om Østedgård er ein mutant eller eit frøavkom av Svart Spansk, eller om namnet er brukt på ein eldre kultivar. - Ved NLH er Østedgård eit stort, mørkt bær som har bra kvalitet, og sommodnar i 3.-4. veka.

II. S U R K I R S E B Æ R O G H Y B R I D K I R S E B Æ R

Belle_de_Chatenay

Frankomen i Frankrike kring 1795, kom til NLH frå Späth 1896. Trea blomstrar seint, og bæra er seint modne, truleg ein av dei aller seinaste kirsebærkultivarane. Bæra er over middels store, men steinen er og stor. Ufarga saft.

Beutelspacher_Rexelle

Nyare tysk morell-kultivar som står nær Fanal og Skyggemorell. Til NLH frå Hohenheim.

Brunbær

Er ei heil gruppe kultivarar med små bær og farga saft. Dei er vanlege som rotekte i gammal kultur både i Danmark og Sverige. I Norge har vi ikkje slike typer frå gammalt. I Sverige finst t.d. Brunbær frå Gästrikeland, og i Danmark, der "de små sure" er ei viktig industriråvare, er det mange typer, t.d. Stevnsbær, Løvskal, Hadsund, Skelskør o.fl. Sjå Stevnsbær.

Brysseler_Brune

Truleg ein gammal kultivar frå Nederland med mange synonym. Blir gruppert som morell. Bæra er seint modne, har farga saft og trea er sjølvfertile (?). Det er motstridande opplysningar om produktiviteten, men ved NLH har den gitt mest inga avling.

Cerella

Morell, framkomen ved Max Planck-instituttet i Tyskland etter frø av sjølvpollinert Skyggemorell. Sjølvfertil. Ser ikkje ut til å vere betre enn opphavskultivaren.

Coe's_Late_Carnation

Denne kultivaren må vera framkomen i USA, men det er uvisst kva opphavet er. Bæra er seint modne, farga saft, har ingen spesielt verdfulle eigenskapar. Den seinaste av surkirssebærsortare ved NLH.

Diemitzer Amarelle

Tysk amarell-kultivar av same type som Hardanger og Frosta, men bæra er tidlegare modne. Sjølvfertile tre. Königliche Amarelle som og er i kultivarsamlinga ved NLH, er her mykje lik Diemitzer. Königliche Amarelle blir elles førd som synonym til ein av Montmorency-typene.

Doktorenkirsche

Omtala av Hinkert i Handbuch der Pomologie 1836, men utan opplysningar om opphavet. Det er store bær med farga saft, og kultivaren må reknast mellom hybridkirsebæra. Trea har fleire karakteristiske kjennemerke, men kultivaren har førebels lita interesse avdi avlingane er så små. Store tre med grove greiner og store blad.

Doppelte Glaskirsche

Svært gammal kultivar med mange synonym, uklart opphav. Blir gruppert som hybridkirsebær med ljøs saft. Ber svært lite.

Early Richmond

Namnet skriv^{seg} frå Richmond i Virginia, USA, og kultivaren kom til NLH frå Geneva. Hedrick hevdar at den er identisk med Kentish Red, men det stemmer ikkje ved NLH. Amarell med god kvalitet, men ikkje stor avling.

Elmer

Truleg hybrid. Ny kultivar under prøving, komen til NLH frå Nederland 1978. Krysning av Skyggemorell og Meikers. Introdusert 1975. Modningstid om lag som Kelleriis 16.

English Morello

Sjå Skyggemorell.

Fanal

Skifte namn i 1977 frå Heimanns Konserva, var og kalla Heimann 23. Heimann i Blankenburg i Tyskland har sendt ut fleire seleksjonar av Skyggemorell, det er truleg frøavkom. Fanal er eit svært bra surkirsebær, men likskapen med Skyggemorell er stor, og det skal fleire forsøk til for å få klarlagt dyrkingsområdet. Sjølvfertil.

Frosta

Namnet brukt på amareller i gammel kultur på Frosta. Ofte formeira som rotekke, mykje like Hardangerkirsebær.

Grosser_Gobet

Er kanskje synonym for den såkalla storfrukta Montmorency. Amarell.

Hardanger

Gammalt kultivarmateriale frå Hardanger, oftast rotekke. Sjå Frosta.

Heimanns_Rubin

Same opphav som Fanal og har mykje til felles med den, men mindre resistent mot monilia. Nefris er kanskje identisk med denne.

Imperatrice_Eugenie

Framkomen i Frankrike 1845, kom til NLH 1886 frå Späth. Lite planta i Norge, men elles spreidd i mange land og brukt i foredlingsarbeid. Hybridkirsebær med svakt farga saft, god kvalitet, men lita avling.

Jubileynaja

Russisk morellkultivar under prøving. Har gitt svært lita avling ved NLH. Frukta minner om Skyggemorell, og modningstida er om lag den same.

Kelleriis_14_og_Kelleriis_16

D. T. Poulsens planteskole har sendt ut to morellkultivarar, Kelleriis 14 og Kelleriis 16. Etter plantepatentet i USA er opphavet frå ei fritt pollinert frøplante av Ostheim x Früheste der Mark selektert 1945. Kelleriis 16 har i Tyskland fått namnet Morellenfeuer. Båe har mørk saft, bra kvalitet, modnar litt før Fanal og Skyggemorell.

Kentish_Red

I kultivarsamlinga ved NLH har vi Kentish Red A frå East Malling, som er ein amarell med tidleg modne bær. Nomenklaturen er elles uklar, og det er også skilnadene mellom denne og fleire andre amareller, f.eks. Flemish Red.

Krasa_Severa

Amarell framkomen i Russland i 1888, laga av Michurin og gruppert som hybridkirsebær.

Körös

Framkomen i Ungarn der namnet er Körösi Meggy. Frå 1933 og i 8-10 år var kultivaren spreidd i Danmark som Kæmpesurkirsebær H.H. og kom også til Norge under dette namnet. Trea er store, friske, ikkje særleg herdige og med moderate avlingar. Bæra er store og med svært fin kvalitet. Gruppert som hybridkirsebær. Sjølvsteril.

Leitzkauer

Brunkirsebær som står nær dei rotekte typene i Danmark. Dyrka som industrivare i Tyskland, kan haustast makinelt, og bæret løsar frå stilken.

Ludwigs_Frühe

Amarell, gammal fransk kultivar, men mest utbreidd i Vest-Tyskland. Sjølvfertil.

Maibær

I Norge bruker vi namnet Maibær både om hybridkirsebæra som gruppe, og om ein av kultivarane i gruppa. Jamført med engelsk terminologi er gruppa The Dukes, og den eine kultivaren May Duke. Vi bør gå over til å bruke Maibær berre som namn på den eine kultivaren, jamvel om det i og for seg er eit uheldig namn. Truleg er det engelske May Duke ei forvansking av Medoc (fransk stadnamn). Det franske namnet på Maibær er Anglaise Hative. Kultivaren er svært gammal, den er skildra i slutten av det 16. hundreåret. I Norge veit vi at det var planta Maibær kring 1800, på skrivargarden i Ullensvang. Dei trea kom frå Danmark. Seinare kom det Maibær

frå ein annan kant, truleg opphavleg frå Skottland. Tre som seinare vart oppøksla frå dette mormaterialet, vart rekna for ein betre type enn dei frå Danmark (mindre "vankjømer"). Treet er stort, med høg krone og tronge greinvinklar. Bladstilken har kjertlar (som søtkirsebær), men dei sit heilt inntil bladplata. Blomstrar seinare enn dei fleste søtkirsebær, men før surkirsebæra. Pollenkultivarar: Frogmore, Napoleon, Early Rivers, Skyggemorell. Somme reknar Maibær for sjølvfertil. Frukta er middels stor til lita, rund med raud til mørkeraud farge. Svakt farga saft. Stilken er lang, og dei einskilte stilkane går ut frå eit stutt fruktfeste som har blad og knoppar. Desse blada vantar hos dei fleste søtkirsebær, men finst hos surkirsebær og hos mange av hybridane. Dei må plukkast av ved sending. Modningstida er i 4. veka, men Maibær er ofte ujamnt modne. Dei toler også å hange på treet til dei er fullmodne, og dei sprekk lite i regn. Maibær har svært god kvalitet, og dei er framifrå til konservering. Sjå artikkel av Vallevik i *Frukt og Bær* 1950, s. 65.

Mailot

Framkomen ved Max Planck-instituttet i Tyskland etter kryssing av Skyggemorell x Rote Mai = Maibær. Store tre, sjølvsterile blomster, store bær med mørk saft.

McClain

Amarell, framkomen i eit privat gartneri i Knoxville i Tennessee, USA og introdusert 1925. Truleg ein mutant av Montmorency med litt større bær og kanskje litt mørkare.

Meteor

Amarell, framkomen ved Minnesota Fruit Breeding Farm og introdusert 1952. Opphavet er Montmorency x avkom av Vladimir. Trea blir store, opprette. Bæra temmeleg store, middels tidlege i surkirsebærgruppa. Den mest lovande av dei amarellkultivarane som er under prøving nå.

Montearly

Amarell med forholdsvis mørk saft, framkomen i ein privathage i Michigan, USA og introdusert 1932 av Stark Bros. Mange likskapar

med Montmorency og andre liknande amareller. Bæra er tidleg modne. Ber lite ved NLH.

Montmorency

Amarell, eller kanskje ei gruppe av slike som først og fremst er dyrka i USA, og det er særleg forma med lang fruktstilk. Mange utvalde "typer", f.eks. Bell, Dayton, Fernwood, Gilbert, Musselman.

Montmorency_Ottawa

Framkom ved Central Experimental Farm i Ottawa, men uklart om det er frøavkom eller mutasjon av Montmorency. Bæra modnar svært seint. Store tre. Avlinga har vore svært lita ved NLH.

Morel_P_2

Morell, framkomen i Nederland og førebels lite prøvd.

Nabella

Morell, framkomen ved Max Planck på same vis som Cerella. Bæra modne litt tidlegare enn Skyggemorell. Har knapt betre eigenskapar enn opphavskultivaren.

Nefris

Morell, sjå Heimanns Rubin.

Northstar

Morell, framkomen ved Minnesota Fruit Breeding Farm etter Skyggemorell x Serbian Pie (ein seleksjon av surkirsebær frå Serbia).

Ostheim

Etter namnet skulle ein tru at denne kultivaren skreiv seg frå distriktet Ostheim ved Rhön i Tyskland. Dei pomologane som har skreve om kultivaren sin historikk, synest å vera samde om at den er komen til Tyskland frå Spania. Ein tysk militærlækjar, dr. Klinghammer, som var med dei tyske troppane under den spanske arvefylgjekrigen, har visstnok førd inn tre til Tyskland i 1714. Ostheimer Weichsel er vanleg tysk skrivemåte, men Hedrick bruker distriktsnamnet Ostheim som kultivarnamn, og dette er det mest

logiske. Det spanske namnet er ikkje nemnt i dei vanlege engelske, tyske eller franske pomologiane. I Norge har Ostheim vori kjend i lang tid. I 1855 kom det tre til Tokheim, dei kom frå Booth & Söhne i Hamburg. Ved NLH var kultivaren med i 1870-åra. Men Ostheim har nok vori planta fleire stader før den kom i desse to samlingane. Ved frukttreteljinga 1946 var Ostheim den viktigaste surkirsebærkultivaren i dei bygdene som var med (22,6 %). Men det er innlandsbygdene som har planta den, særleg Nes og Ringsaker på Hedmark. - Treet er lite med rund krone, ofte hangande dersom trea er riktberande. Greinene er ofte snaue inni krona (pga. sjukdom), og treet får form som ein paraply. Blada er smalare enn hos Skyggemorell. Sjølvsteril. Pollenkultivarar: Frogmore, Skyggemorell. Frukta er lita, rund med mørkraud nesten svart farge. Bæra er det vanskeleg å skilje frå Skyggemorell, men Ostheim har best kvalitet, mindre bærstorleik og modnar ei til to veker før. Det er skiftande opplysningar om bereevna til Ostheim. Ofte er avlingane små, og grunnen til dette er ikkje klar. Fanal og Skyggemorell er mest tilrådd i det siste. Ostheim har den føremunen at bæra er ca. 10 dagar tidlegare modne enn hos Skyggemorell.

O-391

Framkomen ved Central Experimental Farm Ottawa, Canada etter kryssing Montmorency x O-241. O-241 var ei frøplante av Vladimir utvald på grunn av stor herdigskap. Til NLH 1956.

Podbielsky

Morell, framkomen i Wansleben i Tyskland etter frø av Ostheim. Kom til NLH 1913 og har vore svært lik Ostheim.

Reichsverband

Framkomen i Tyskland, truleg etter seleksjon i frøavkom av Skyggemorell. Mørk saft, er truleg eit hybridkirsebær. Store tre med grove greiner.

Reine Hortense

Hybridkirsebær, også kalla Sydtoftegård. Framkomen i Frankrike i 1830-åra. Til NLH 1886 frå Späth. Trea sterktveksande, opprette, tronge greinvinklar. Bæra store, ljósare enn Maibær og med svært god kvalitet, men avlingane er små.

Skyggemorell

Dette er ein svært gammal morellkultivar, kjend før 1600 og med mange synonym. Dei viktigaste handelsnamna i Europa er vel: England: English Morello. Frankrike, Belgia: Griotte du Nord. Holland: Dubbele Morelkørs. Tyskland: Grosse Lange Lotkirsche, Schattenmorelle. I Norge finn ein stundom kultivaren under namnet Pundkirsebær. Skyggemorell var med i samlingane på Tokheim i 1850-åra, men var truleg kjend her i landet før den tid. Ved frukt-treteljinga 1946 gjorde den seg lite gjeldande. Den var ikkje nokon viktig kultivar i ei einaste av dei bygdene som var med. I typiske kirsebærbygder som Kinsarvik og Ulvik var det 1 tre av Skyggemorell, og i austlandsbygdene var det langt fleire tre av Ostheim enn av Skyggemorell. Treet blir større enn dei fleste andre surkirsebærkultivarar. Årsskota set ofte blomsterknoppar slik at det blir blomst frå okulasjonsaugo eller podekvister. Trea er mykje skadd av monilia. I motsetnad til Ostheim er det sjølvfertile tre. Frukta modnar i 7.-8. veka, og det er ein av dei seinaste kirsebæra. Det er vanskeleg å kjenne dei frå Ostheim, men Skyggemorell er seinare og surare. Farga saft. Skyggemorell er meir riktberande enn Ostheim og meir storfrukta enn Frosta. Dette er grunnane til at den har vore tilrådd som den viktigaste surkirsebærkultivaren i vårt land. Nå er Fanal mykje tilrådd. I handelsdyrkinga reknar vi det for ei ulempe at Skyggemorell er så sein. - I Danmark finst ein "Skyggemorel Peter Hansen" som er komen frå Kvistgård i Nord-Sjælland. Det er førebels usikkert om det er frøavkom eller sport av Skyggemorell. Bæra er større og sprekk meir. Avlinga er også større enn hos Skyggemorell.

Spanische Glaskirsche

Hybridkirsebær med ljøs saft. Store tre, svært lita avling.

Stora Klarbär

Amarell, mykje dyrka i Sverige under dette namnet. Er kanskje identisk med ein annan amarell, men dette er ikkje klarlagt.

Suda

Morell som vart funnen i ein privathage i Missouri kring 1880, også kalla Suda Hardy. Bæra er forholdsvis seint modne. Liknar mye på Skyggemorell, og kan vanskeleg skiljast frå denne.

Triaux

Amarell, framkomen i Frankrike, kom til NLH 1928 frå Bunyards planteskole i England. Store bær, middels tidleg modne og med god kvalitet, men avlingane er heller små.

Tschernokorka

Morell, framkomen i Sør-Russland. Trea er små, hangande og med slengete greiner. Kultivaren er sjølvsteril, men avlingane er oftast store. Bæra store, mørke, med ganske god kvalitet og modrar før dei fleste andre morellkultivarar, ca. 2 veker før Ostheim.

Van_der_Natte

Morell, av ukjent opphav, lite dyrka nå, men finst i samlingar i dei fleste land.

Vladimir

Morell, egentleg eit gruppenamn i Russland, og det er ein av kultivarane som er spreidd i USA og derifrå til vesteuropeiske land. Har vore brukt i foredlingsarbeid og dessutan prøvd som grunnstamme.

Westerleese_Kriek

Brunkirsebær spreidd i Nederland og mykje brukt til industri-
vare der.

Zigeunerweichsel

Brunkirsebær, spreidd i Tyskland og dyrka litt som industrisåvare. Store, frodige tre, motstandsdyktig mot monilia. Bæra er små, men kan godt haustast med maskin. Zigeunerweichsel har noe større bær, og modnar tidlegare enn dei fleste brunbærkultivarar.

